



Klangboltane trekte fullt hus på Osvold Pub fredag. Også på Arena var det fulle hus med Finn Erix. Foto: HENRIK MUNDAL ANDREASSEN

Frydar seg over fulle hus

Fleire arrangement har i det siste trekt fulle hus i Leirvik, der gjester har måtta snu i døra på grunn av kapasiteten.

- [Anders Totlandanders@sunnhordland.no](mailto:Anders.Totlandanders@sunnhordland.no)

Publisert 11.11.2014 kl. 06.00.

A-A+

– I alle mine år i utelivsbransjen har eg aldri før opplevd å vera utseld klokka ti på sju ein fredagskveld, slik det var no på fredag, seier Robert Delis på Osvold Pub.

[Fredag stod Klangboltane på scenen](#), samstundes som Finn-Erix hadde show på Arena. Også der var det smikkfullt, og siste billett var ifølgje Falturiltu-general Roald Kaldestad selt sju veker før framsyninga.

Inga overrasking

Geir Kannelønning ved Bakeriet Frugård meiner ikkje det er fleire som går ut no enn tidlegare, men at det gjerne kan sjå slik ut fordi dei berre satsar på sikre arrangement.

– Dette er arrangement som alltid blir utselt, så det kjem ikkje som noko overrasking. Sånn er det med Finn-Erix og sånn er det mellom anna med sjantiane og med Rein Underhaldning. Når desse speler, kjem det alltid folk. Så er det framleis arrangement som trekkjer lite folk, men desse bookar me ikkje lenger, seier Kannelønning som meiner dei har blitt meir forsiktige enn før.

– Bra arrangement

Han nemner stand up-konseptet dei prøvde i fjor som døme på noko dei har slutta med.

– Det selde ikkje nok her på Stord. Me prøvde, men det gjekk ikkje. No tar me dei arrangementa som me veit er bankers, seier Kannelønning.

Heller ikkje Delis har inntrykk av at det er ein aukande trend at folk går ut på Stord.

– Eg vil ikkje kalla det tilfeldigheter, men det er mykje bra arrangement kvar helg no. Folk følgjer med på kva som skjer, og noko blir det fullt på. Men det er ikkje sånn kvar helg. No i helga hadde me til dømes ein veldig god fredag, men mindre folk laurdag. Me får ikkje i pose og sekk, seier Delis.

– Positivt

Sjølv om han ikkje meiner det er meir folk ute no enn før, trur Delis det kan gje gode verknader seinare når gjestene no får gode opplevingar på dei godt besøkte arrangementa.

– Alt som gjer at me får folk ut er positivt, og det gjev meirsmak når folk går ut og får gode opplevingar. Det er bra for oss som driv uteplassane òg, seier Delis.